

Farveg og ferdsel i gamal tid gjennom Neadalføret

Av O. B. Flakne

Somme ferdafolk har det så altfor travelt når dei fer. Dei kjører brennkvast på eit eller anna motordonet og fer hus forbi i tanande renn. I alt hastverket får dei bra lite med seg frå turen, berre ein-skilde synsinntrykk i bråblink. Bygd og dal med sine sermerke fer dei kav framom. Og folket, som ein kanskje helst skulle helse på og få i tale, dei lyt berre gjera lange hopp or vegen for å berge seg unna lortskvetten.

Nei, da held eg det likare å ta det litt meir med ro, traske i veg på ekte Vinje-vis med stav i hand og gi meg tid til ein godprat med alle eg råkar. «Ganga seint,» som diktarbroren Ivar Åsen sa, «og sjå seg *vel* i kring.» Har ein så sant tid til å fara slik, så er det så mykje ein kan ha hjartans hugnad av på ein ferdatur. Ikkje berre den vene eller ville naturen, den friske lufta med si helsebot, eller det herlege vatnet ein kan plaske og lauge seg i... Men og sjølve bygda med sine sermerke og minne i segn og soge frå gamle dagar: Det siste er så menn ikkje det minst interessante, når ein fyrst har vant seg til å lye etter det folk har å fortelje. God forteljing er likså stor kunst no til dags som det var det for mest 1000 år sidan da sogeforteljinga tok til, og råkar ein på ein god forteljar, så har ein den beste tid-trøyte heile kvelden.

Men da må ein leva seg inn i dei farne tidene og bli heilt med, kjenne det levande pulsslaget frå saga som Vinje så makelaust skildrar det når han seier at

«... federnes ande eg tykte det var,
som dansa og sukka.»

Ja kven har ikkje opplevd det t. d. når ein sit i Nidarosdomen i ei høgtidsstund, eller når ein stig inn gjennom stugudøra på ein av dei ærverdige bondegardane som no står på musea.




Stugudal

«Eg gløymer aldri den sterke kjensla eg fekk da eg fyrste gongen steig inn i Elvros-stova på Skansen i Stockholm, denne gamle Herjedalsgarden», har ein fortalt. «Det kom for meg at dei som budde der, nyss hadde gått ut. Eg måtte uvilkårleg glytte bort i peisen og sjå om varmen enno levde i grua.»

Ein kjend og kjær landsmann og sjølvlerd astronom forresten, opplevde saga så sterkt at han stod som klumsa ein gong på Rimol i Melhus. «Nei, jasanya!» sa han og tverrstana og augnefór landskapet vel i kring seg, «nei, jasanya du..... nei, så ha'n verkeleg gått her, jarlen!»

Fullt så høgtidsamt var det ikkje da ein flokk danskar kom der. Dei prata og snadra i veg som dei er vane til, og grov og spurde så det ikkje var frelse å få. «Vil De så vise oss det hull hvor jarlen og trelen Kark var krøbet sammen i...?» Det var verre, for det «hull» er sjølvsagt ikkje å finne no lenger.

Slike historiske storminne som Rimol og Stiklestad finst ikkje i



Ferdakar fra gamle dager

Etter gammelt fotografi


Neadalsføret. Kongane fór ikkje opp i Selbu og «gjorde opp» i gamal tid, ikkje har det stått noko større nemnande sjøslag på Sålåsjøen heller, så det er ikkje der mor Noreg har dei store sogeminnestadene sine. Men tru ikkje for det at dalføret har vori nokon avkrok lell! Inga norsk bygd var avstengd frå utanverda før dei gilde vogn- og jarnvegane kom, og folk slutta med å kløvje, ride og gå. Før den tid gjekk kløv-vegane både på langs og tvers. Og vinters tid sette dei trugane på og kørde dit dei ville nær sagt. Salt og ymse matvarer og mangt anna var slike ting dei måtte ha, og da dei måtte til bys og marknads både med kjøp og sal, så kom ferdsla i gang av seg sjølv. Handelsferder til Trondheim, Røros, Østersund og Levanger var derfor nokså vanlege, og nokor avstengjing vart det aldri tale om.

Enda mindre grunn kunde det vera til det i Selbu og Tydal, for her gjekk det frå urminnes tid ei stor trafikkåre gjennom dalføret og austover Skardøra til Herjedalen i Sverige.

Den svenske geistlege og lærde Olaus Magnus har teikna denne vegen stort opp på eit Norden-kart han fekk trykt i Venezia i 1539, og han skildrar i livfulle fargar den farlege vegen over fjellet, «Via Montanorum» som han kaller han. Men vegen er nok eldre. Olaus Magnus veit å fortelje at det skal vera dei gamle kongane som har rutt leia gjennom Skardøra, og det kan vera mykje truleg. Det vart i alle fall bygd fjellstovor for ferdafolket. Stugudalen er enno eit

namneminne om det, og det var to fjellstovor til austafør grensa. Ei av dei vart kalla Biskopsstugu, og det namnet fortel at erkebisp i Nidaros fór her austover på visitasferd til Herjedalen. Postvegen gjekk og her, heilt til fylket vart svensk i 1645. Etter den tid prøvde den svenske regjeringa å stoppe ferdsla over til Noreg og draga handelen austover, men herjedølene var konservative, så det gjekk ikkje. Langt fram på 1800-talet kom dei lange radene med ferdaskjørarar nedover dalen, 50—60, ja, opp til 80 hest i fylgje, og slik vende strøa attende og. Da vanka det mykje moro og mykje skjenk. Dei som var mest spandable, sende brennvinskaggen attover frå fyrste hesten, og den gjekk da frå mann til mann og frå kjeft til kjeft og vart som tidast tom til han nådde siste hesten. På kvilestadene der dei overnatta, var trengsla så stor at det låg mann ved mann og sov, pakka tett saman utover alle golv. Skulle nokon ut, måtte dei gå på nistebommene eller ferdaskrina, så dei ikkje skulle risikere å trampe folk forderva.

Men det var nok ikkje berre dei meir eller mindre fredelege handelsferdene som fór her. Via Montanorum har sett store krigsherar draga seg som lange ormar over viddene, somtid norske og somtid svenske. Det vil føre alt for vidt å rekne opp alle dei. Berre dei viktugaste skal bli nemnde. Den fyrste ein veit om, var kan hende kong Sverres her i 1177, da han kom nedover dalføret på veg til Nidaros og terga på seg selbyggjene, som 360 mann sterk tenkte å ta han i ryggen. Men han var ikkje lurifas for ingen ting, han gjekk dei ein krok forbi, stal båtane frå dei og la seg i 14 dagar ute på ein holme i Sålåsjøen og tvinga dei til å skaffe seg kost og tæring for umaken. I sjuårsufreden 1563—70 kom svenskaner minst to gonger over Skardøra, og da brende dei så uforbarmeleg at det stod att berre eit bur på Gresli som dei ikkje fekk svidd av. Største heren kom Carl Sparre med den 9. juli 1678. Det var eit fylgje på 2000 mann og 1200 hest, seier segna. Men han måtte snu i Selbu ved Rolset og fara søraust over fjella. Han brende 13 gardar på tilbaketuren og fór så til Røros og brende der og. Eit minne vart att etter honom på Rolset: brennevinsflaska hans, som er kunstferdig nok, og som no er å få sjå på Selbu bygdemuseum. Det var fælt korleis dei for åt i krig i hine tider og. Ein gong kom det eit



Over Store Rotåa

heilt kyrkjesoskn frå Herjedalen med krøter og husbunad flyktande unna ein vetteslaus herfører og slo seg ned for ei lenger tid austmed Essandsjøen. Men tristaste hende er likevel Armfeldts tilbaketog i 1719. Han kom Bukkhamarvegen over frå Haltdalen og tok ein farleg veg nordaust oppover fjellet frå Østby over Essand og til Handøl. Det gjekk gale som vi veit, forferdeleg gale, så det er den største militære katastrofe som har hendt gjennom alle hundreår i Norden. Armfeldt fekk i sanning røyne at fjellet ikkje er å spøke med vinters tid. Her hjelpte inga mannemakt, om det så var tusen på tusen.

Det same fekk bygdefolket kjenne og så mang ein gong. Ikkje minst kvernfjellskarane som baska seg på ski aust i Høgfjellet og hogg ut mølnesteinar åt folk. Her har mang ein hardhaus mått bukke under for ei ubendig naturmakt. Men minnesteinane står så einslege att og fortel om det umenneskelege slitet og den såre tragedien da seige arbeidsnevar knepte seg saman og la seg til kvile

i det linkvite og mjuke, men iskalde svøp som snøen gav. Stein ved stein, den siste reist over eit ulykkeshende så seint som i 1907. Frami sentrum av bygda kan ein no få sjå korleis fjellkarane budde og arbeidde. Det er bygdemuseet som har fått sett opp ei av dei gamle stovone frå eit fjellarbeid, og som fortel om ei verksemd som gjorde bygda kjend utover Noregs land og enda lenger og skapte arbeid og ferdsel vide i kring.

Minne om alt dette arbeidslivet og om all denne ferdsla til fjells og til bys er enno levande mellom folk. Og friskt og fengjande kan dei fortelje. Synlege minne til stadfesting og utfylling samlar seg meir og meir på bygdemuseet. Og som sagt: Har du det ikkje alt for travelt, så hefte på og ta deg tid til både å sjå og høyre. Det kan snart bli til gjensidig glede, både for den som fer gjennom dalføret, og folket som bur der.

O. B. Flakne